

.. Gula Tidend 7 nov 1922

.. Merk at bokstaven å er skrevet á i direkte avskrift fra avisen.

Studentmaalet gjer C. B. Bugge til heiderslagsmann.

Studentmáallaget i Oslo hadde ársfest 2. november. Stor fagning vart det dá formannen stod fram og nemnde ut borgmeister C.B.Bugge, Bergen til heiderslagsmann.

Studentmáallaget hev ikkje heidra mange málmenn pá denne vis. Det er berre Arne Garborg, professorane Hægstad og Seipel, Jørgen Løvland og borgmeister Hagbart Berner som til dessar hev vore kára. Laget kárar soleis dei vaknaste og rakaste - Ei heidring frá dette laget tyder difor noko.

Formannen, stud.filol. Harald T v e i t heldt ved utnemningi denne talen: Aarsfesten vár er vel for Studentmáallaget det viktugaste tidspunkt i året, ei stund dá me samlar oss og ser attyver og framyver.

Pá siste styremøte gjorde styret vedtak um á nemna ut ein heiderslagsmann i kveld, borgarmeister i Bergen C.B.Bugge. Eg hev den gleda á kunne melda at han tek imot utnemningi og reknar det for ei stor æra.

Men æra er ogso pá vár sida. Bugge er ikkje filolog, ikkje professor og ikkje bondegut eingong. Men, til namnet á den nye heidersmann vár er no knytt mykje av det som er vakse upp av ideelt og sterkt av máltreising, i Bergen og elles pá Vestlandet.

Bugge er veltent formann i Vestmannalaget, vel det mállaget som hev dei eldste og finaste tradisjonar i dette landet. Kristofer Jansen var der og Henrik Krohn og ei rekkja framyver til m.a. den fine kunstmannen Edvard Alme som døydde i ár. Ei rekkja med kulturmenn som tok málsaki som eit ideal, eit høgsmål og dermed gav henne ein vyrdnad millom idealistar som hev vore til stor styrke seinare.

I dette laget hev Bugge vore formann no i 14 ár. Pá andre sida er navnet át borgarmeistar Bugge visst vel so godt kjend i samanheng med reint praktiske máltreisingssaker, særleg økonomiske tiltak.

Formannen i det gamle Vestmannalaget såg at vár nationale strid ikkje berre er teoriar og hugsmål men at ein måtte for fullt álvor samle dei spreidde krafter til makt, til pengemakt bak ordi.

I mars 1910 vart Norsk Herbyrge skipa av norskdomslag i Bergen. Eit par ár etter kom lagi frá fyrr med, - og tiltaki auka: Norsk Herbyrge, Firda og Sygna Herbyrge, Hordaheimen o fl. Breidare grunnlag og større oppgávor. Landsbanken vart skipa ved vedtak i loverne at alt skal vera pá norsk. "Gula Tidend" er halde uppe fullt tevløft.

Dei vestlandske mállag er ein so sterk fylking, gjennom sine samtiltak at det skapar respekt og age ogso hjá folk som ikkje skjynar onnor makt enn pengemakt. Ogso her er skapt vyrdnad og styrke.

Men alt dette er ikkje framvokse nett av seg sjølv. Der er ein sum av initiativ og umtanke og forretnings- og forhandlingsdukleik; og so mange tráder gjeng attende til heiderslagsmannen vár.

I gár var han her i byen. Det norske teatret hadde årsmøte. Det hugsar godt at han hjelpte dei til á nytta eit godt høve.

Pá 50-årsdagen sin gav Vestmannalaget ut Ivar Aasen sin ordbok i 10 000 ekspl. til ein billeg pris. Det var ikkje andre til á gjera det nett dá. Og no kjem eg til det som gjev Studentmállaget rett til á peika pá eit samarbeid for sams sak, som knyter oss noko saman.

Det var dá bibelnemdi i studentmállaget hadde fenge utveg til á fá gjort det litterære arbeidet med den nye norske bibelen og berre hadde att á gá tiggareveg til alle smálag og godgjerande menn etter garantikapital. Dá vart me sparde for den gonga ved at Bugge og hans fylking garanterte ein sum sá stor at spursmålet vart løyst med ein gong.

Det er ikkje som løn for dei pengane at Studentmállaget nemnar han ut til heiderslagsmann og heller ikkje er det berre for á syna ei taksam pátegning for arbeidet for vár sak, eit seigt og langt arbeid, eller for at han hev havt mod til á stá for den motburd som den får som stiller seg i brodden for vár sak, ikkje minst i Bergen. Heller ikkje fann styret dei burde nemna ut ein mann fordi um dei likte han, endá vedtaket var samrøystes.

Ein mann skal sjáast i samanheng med si gjerning og bindast saman med det han er málsmann for.

Studentmállaget vil med dette fá sagt, til andre og til seg sjølv, at det verdset so høgt det kan dei to drag, dei to sidor i vårt arbeid som Bugge her stár som fremste representant for: idealismen, høgmålet frá Vestmannalaget og veteranen der og realismen mál strævet frá dei nyare samskipnader.

Som málsmann for desse og til samarbeid framleides for desse saker vil Studentmállaget ynskja den nye heiderslagsmannen ein heil og sæl, velkommen i laget vårt.

Til dette slutta laget seg med hjarteleg fagning.